



Noregs vassdrags- og energidirektorat
nve@nve.no

Vår referanse
12/509/12/6199/TEK/RLØ

Arkivkode
FA-S11

Dykkar referanse
201104255-12 kv/firh

Dato:
21.11.2012

MELDING OM VEDTAK - HØYRINGSUTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FOR ALDALSELVA KRAFTVERK

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

30.10.2012 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Møtet vart heva før saka vart teke til handsaming. Representantar for grunneigarane orienterte om bakgrunnen for søknaden sin og om sjølve søknaden. Det vart særleg vekt på å visa kva konsekvensane vart for Fitjvatnet.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram slikt framlegg:

Naturutvalet utset saka til neste naturutvalsmøte grunna ein del ny informasjon som representantane vil setja seg betre inn i, og som me ønsker å diskutere med våre partikolleger.

To røysta for utsettingsframlegget (Tjønnå og Tveiterås) og 5 mot.

Øyvind Strømmen (Bl) sette fram slikt framlegg:

Utbygginga som omsøkt inneber til dels store inngrep i eit, etter kommunen sitt syn, verdifullt natur- og kulturområde, både med tanke på naturmangfald, friluftsliv, landbruk og kulturminne. Me rår til at det ikkje vert gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

Me er uroa for at ein ved å tillata eit slikt inngrep i vassdraget bidreg til at vassdraget ved seinare høve gradvis får fastsett lågare og lågare verdi, med grunngeving i at det allereie er tillete store inngrep der. Kvant nye inngrep som vert tilført trekk ned verdien av, og utøvar negativ belastning på dei kvalitetane som no er kartlagde i Aldalen. Samnanger kommune kan derfor ikkje tilrå at det vert gitt konsesjon til Aldalselva kraftverk.

Vidar Tveiterås (Ap) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune rår til at konsesjon vert gjeven. Dette under føresetnad av at konsekvensane for Fitjvatnet som drikkevasskjelde vert nærare utgreidd, og at ei slik utgreiing ikkje viser nokon negative verknader. Likeeins er det ein føresetnad at reguleringa av vatnet er på maksimalt - 1,1m, og at høgaste og lågaste naturlege vannstand ikkje vert endra.

Det vart røysta over framlegget frå Tveiterås. 4 røysta for, Tveiterås, Tjønnå, Loe og Bogevik og 3 mot.

Det vart røysta over framlegget frå Strømmen. 3 røysta for, Strømmen, Marken og Dyrhovden og 4 mot.

NAT-075/12 VEDTAK:

Samnanger kommune rår til at konsesjon vert gjeven. Dette under føresetnad av at konsekvensane for Fitjavatnet som drikkevasskjelde vert nærare utgreidd, og at ei slik utgreiing ikkje viser nokon negative verknader. Likeeins er det ein føresetnad at reguleringa av vatnet er på maksimalt - 1,1m, og at høgaste og lågaste naturlege vannstand ikkje vert endra.

13.11.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Gildskap:

- **Jens Harald Abotnes Krf** bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Han gjekk i frå medan **Bjarne Hauge Krf** tok hans plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Han var samrøystes funnen ugild og **Bjarne Hauge Krf** tok hans plass i kommunestyret att. Ordførar **Marit Aksnes Aase Krf** bad om vurdering av **Bjarne Hauge Krf** sin gildskap i saka. **Tor Johan Bereksten Askeland Krf** tok hans plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. **Bjarne Hauge Krf** vart samrøystes funnen gild i saka og han tok plass i kommunestyret att.
- **Øyvind Røen Sp** bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Han gjekk frå medan **Helga Nygård Sp** tok hans plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Han vart samrøystes funnen gild. Han tok då plass att og tok del i handsaminga av sjølv saka.
- **Eva Hellevang H** bad om å få vurdert sin gildskap i saka. Ho gjekk frå medan **Sture Tveit H** tok hennar plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Ho vart samrøystes funnen ugild og **Sture Tveit H** tok hennar plass i kommunestyret under handsaminga av sjølv saka.
- **Gunnar Bruvik Frp** bad om å få vurdert sin gildskap i saka. **Morten Røen Frp** tok hans plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Han vart funnen ugild mot 4 røyster. **Morten Røen Frp** tok hans plass under handsaminga av sjølv saka.
- **Bright Olav Gåsdal** bad om å få vurdert **Heidi Gjerde Ap** sin gildskap i saka. **Gunnveig Loe Ap** tok hennar plass under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Ho vart samrøystes funnen ugild og **Gunnveig Loe Ap** tok hennar plass under handsaminga av sjølv saka.
- **Bright Olav Gåsdal** bad om å få vurdert **Heidi Totland Arnesen Ap** sin gildskap i saka. Ap hadde ingen vara for henne. Ho gjekk frå under handsaminga av gildskapsspørsmålet. Ho vart samrøystes funnen gild og ho tok plass att under handsaminga av sjølv saka.

Øyvind Strømmen Bl – leiar i naturutvalet hadde ei kort utgreiing om sjølv saka.

Bright Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune har som utgangspunkt at me ønskjer utbygging av fornybare energikjelder velkommen. Området rundt Fitjavatnet er eit mykje nytta tur- og friluftsområde. Fitjavatnet er og hovudvasskjelde og inntaksdam for vassforsyning til Samnanger kommune.

Det gjer at ein difor må vera sers varsam med å tillata tiltak og inngrep i området som kan påverka desse kvalitetane.

Samnanger kommune er uroleg for at arbeid med inntak og sperredam, og anleggsveg i vatnet kan føra til ureining av drikkevasskjelda. Dersom konsesjonæren får løve til å byggja ut Aldalsvassdraget som omsøkt, må det stillast strenge krav til utstyr og maskiner som skal nyttast ved arbeid i og ved vatnet. Det må og setjast vilkår for sjølv utføringa av arbeidet.

Det må setjast vilkår for at høgaste regulerte vasstand (hrv) ikkje fører til at stiane rundt vatnet vert liggjande under vatn og at naust, hytter og sel ikkje vert meir flaumutsette enn før ei ev. utbygging.

Det sikraste hadde vore at inntaket vart plassert nedstraums elveutløpet og at sjølve vatnet vert liggjande urørt. I alle fall bør det setjast vilkår for høgda på sperredammen som hindrar at høgste nivå på vatnet vert meir enn det som er naturlege variasjonar. Det må setjast vilkår for at det kan krevjast at konsesjonæren set inn tiltak dersom det syner seg at manøvrering av vassnivået fører til erosjon i strandsona utover normalt.

Plassering av stasjonen i Aldal ligg inne mellom bustadhus, og det må setjast vilkår for utføringa av bygg og installasjonar som reduserer støy frå anlegget mest mogleg. Dersom desse vilkåra vert oppfylte, kan Samnanger kommune gå med at det vert gjeve konsesjon som omsøkt.”

Øyvind Strømmen Bl sette fram følgjande framlegg til vedtak på vegner av Bygdalista og Senterpartiet:

” 1. Samnanger kommune meiner at Aldalselva ikkje bør byggjast ut. Dette er eit verdifullt natur- og kulturområde, både med tanke på naturmangfald, friluftsliv, landbruk og kulturminne. Kommunen rår difor til at det ikkje vert gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

2. BKK har tidlegare omsøkt prosjekt for Frøland/Aldal kraftverk. Her sluttar kommunen seg til Fylkesmannen si fråsegn i saka, og går imot alternativ 1 (utbygging av Aldalselva), til fordel for alternativ 2 (nytt Frøland kraftverk). Slik kommunen ser det er dette eit langt betre prosjekt der utbygginga gjev betydeleg mindre skade på fiske, mindre naturinngrep og mindre risiko for det biologiske mangfaldet. Kommunen peiker på at det er registrert fleire raudlisteartar og viktige naturtypar i området.

3. Dersom konsesjon vert gjeve - uavhengig av om det er til Aldal Kraftverk og/eller BKK må det treffast avbøtande tiltak for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.

4. Kommunen ser på det som særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid, særleg ettersom BKK sitt prosjekt må sjåast i samband med konsesjonssøknader om overføring av vatn frå Kvam og Vaksdal kommunar til Samnanger kommune (anten til Aldal eller til nytt Frøland kraftverk). Alle desse prosjekta må sjåast i samanheng, og separate høyringstider gjev ein ugunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for dei aktuelle vassdraga og for Samnangerfjorden, samt for samanlikning av prosjekta.

5. Dersom det vert gjeve konsesjon, ser kommunen på det som ei føremon at denne vert gjeve til lokale grunneigarar. Me rår likevel til at ein eventuell konsesjon til Aldalselva Kraft ikkje inkluderer regulering av Fitjavatnet, då dette er eit verdifullt natur-, kultur- og friluftsområde, og vatnet er primærkjelde for drikkevatt i Samnanger kommune. Kommunen meiner det i alle høve ikkje bør gjevast meir enn ein konsesjon for utbygging av elva.”

Sigmund Dyrhovden Krf bad om gruppemøte.

Etter gruppemøte sette **Øyvind Strømmen Bl** fram følgjande framlegg til vedtak på vegner av Bygdalista og Senterpartiet. Det førre framlegget vart med dette trekt attende

”1. Det omsøkte prosjektet vedrører eit verdifullt område, både med tanke på naturmangfald, friluftsliv, landbruk og kulturminne. Kommunen rår difor til at det ikkje vert gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

2. Dersom konsesjon vert gjeve - uavhengig av om det er til Aldal Kraftverk og/eller BKK må det treffast avbøtande tiltak for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.

3. Kommunen ser på det som særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid, særleg ettersom BKK sitt prosjekt må sjåast i samband med konsesjonssøknader om overføring av vatn frå Kvam og Vaksdal kommunar til Samnanger kommune (anten til Aldal eller til nytt Frøland kraftverk). Alle desse prosjekta må sjåast i samanheng, og separate høyringstider gjev ein ugunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for dei aktuelle vassdraga og for Samnangerfjorden, samt for samanlikning av prosjekta.

4. Dersom det vert gjeve konsesjon til Aldalselva Kraft, rår me til at den ikkje inkluderer regulering av Fitjavatnet, då dette er eit verdifullt natur-, kultur- og friluftsområde, og vatnet er primærkjelde for drikkevatt i Samnanger kommune. Kommunen meiner det i alle høve ikkje bør gjevast meir enn ein konsesjon for utbygging av elva.”

Øyvind Strømmen Bl sette fram følgjande tilleggsframlegg på vegner av Bygdalista og Senterpartiet:

”BKK har tidlegare omsøkt prosjekt for Frøland/Aldal kraftverk. Her sluttar kommunen seg til Fylkesmannen si fråsegn i saka, og går imot alternativ 1 (utbygging av Aldalselva), til fordel for alternativ 2 (nytt Frøland kraftverk). Slik kommunen ser det er dette eit langt betre prosjekt der utbygginga gjev betydeleg mindre skade på fiske, mindre naturinngrep og mindre risiko for det biologiske mangfaldet. Kommunen peiker på at det er registrert fleire raudlisteartar og viktige naturtypar i området.”

Sigmund Dyrhovden Krf bad om gruppeleiar møte. Ordføraren gjennomførte røysting over dette framlegget frå Dyrhovden. 8 røysta for og 13 røysta mot framlegget frå Dyrhovden. Det vart difor ikkje gjennomført gruppeleiar møte.

Røysting:

Framlegget frå naturutvalet fekk ingen røyster.

Framlegget frå Brigte Olav Gåsdal Ap fekk 6 røyster og fall.

Framlegget frå Øyvind Strømmen Bl fekk 15 røyster og vart vedtak i saka.

Tilleggsframlegget frå Øyvind Strømmen fekk 9 røyster og fall.

KS-075/12 VEDTAK:

1. Det omsøkte prosjektet vedrører eit verdifullt område, både med tanke på naturmangfald, friluftsliv, landbruk og kulturminne. Kommunen rår difor til at det ikkje vert gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

2. Dersom konsesjon vert gjeve - uavhengig av om det er til Aldal Kraftverk og/eller BKK må det treffast avbøtande tiltak for å sikre levetilhøva for hekkande fossefall i vassdraget.

3. Kommunen ser på det som særskild uheldig at NVE har sendt to konkurrerande prosjekt på høyring til ulik tid, særleg ettersom BKK sitt prosjekt må sjåast i samband med konsesjonssøknader om overføring av vatn frå Kvam og Vaksdal kommunar til Samnanger kommune (anten til Aldal eller til nytt Frøland kraftverk). Alle desse prosjekta må sjåast i samanheng, og separate høyringstider

gjev ein ugunstig høyringssituasjon med tanke på vurdering av totalbelastning for dei aktuelle vassdraga og for Samnangerfjorden, samt for samanlikning av prosjekta.

4. Dersom det vert gjeve konsesjon til Aldalselva Kraft, rår me til at den ikkje inkluderer regulering av Fitjavatnet, då dette er eit verdifullt natur-, kultur- og friluftsområde, og vatnet er primærkjelde for drikkevatt i Samnanger kommune. Kommunen meiner det i alle høve ikkje bør gjevast meir enn ein konsesjon for utbygging av elva.

Samnanger kommune gjer merksam på at det er kome ein klage på dette vedtaket, dagsett 19.11.2012. Klagen var òg sendt som kopi til NVE og Fylkesmannen i Hordaland, me legg den difor ikkje ved her.

Med helsing

Ragnhild Lønningdal
planleggjar

Vedlegg:

Uttale til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Aldalselva kraftverk